

# Prekenverkstedet



<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

**Domssøndagen/Kristi kongedag – 21. november 2021**

Prekentekest: Matt 25,1-13

Lesetekst I: Job 28,20–28

Lesetekst II: Kol 1,9–14

## Klok til det siste

### Til dagen

Det tradisjonelle namnet på dagen har vore domssøndagen, fordi tekstene for dagen set oss overfor det store alvorret at vi alle skal fram for Gud og gjere rekneskap for liva våre. Felles for alle tekstene er også kor sentral Jesu rolle skal vere i det endelege oppgjeret. Han skal vise seg som den sanne kongen over kongane og som den rettvise dommaren.

Dagen hentar motiv frå andre søndagar i avslutninga av kyrkjeåret, der bots- og bøneden dagen kallar oss på kne til omvending og allehelgensdag kallar oss til eit heilagt liv i følgjet bak dei som har nådd fram til det evige målet. Samtidig leier siste søndag i kyrkjeåret oss naturleg over i advents fastetid der vi blir minna om at han som ein gong kom i ringe kår, skal kome tilbake i herlegdom og makt.

Denne tida av kyrkjeåret er altså ei tid som minner oss om å sjå utover oss sjølv og vår tid, til å leve heilt og fullt som Jesu etterfølgarar på jorda på ein slik måte at liva våre peikar mot fullendinga, oppgjeret og det evige riket. Eg vil sterkt oppfordre alle predikantar til å våge å ta dette på alvor, slik at ikkje trua vår blir redusert til psykologiserande livshjelp eller overaktuell sosialetikk.

Lesetekstene hentar primært opp kort viktig det er å vere vis eller klok. Det svarar til motivet med dei kloke brudejentene. Slik kan Kol 1 om å leve eit liv som er Herren verdig og få del i den evige arven i Sonens rike passast fint inn.

### Til teksten

Likninga frå Jesus er kjent nok for mange av oss. No kan vi ikkje utan vidare rekne med det i forsamlinga. Uansett må vi gjere ein jobb med å trenge inn i bildet for å forstå det poenget som Jesus vil ha fram. I si samtid blei nok bildet i likninga identifisert ganske greitt, men i ein kultur langt unna og med andre skikkar, er det ikkje sikkert sjølv fortellinga gir nokon kvardagsleg relevans eller resonans.

I hovudsak kan vi rekonstruere bildet frå ein jødisk kontekst for to-tusen år sidan, men ikkje alle detaljane er klare. Det treng dei for så vidt ikkje vere heller, for likningane til Jesus skal sjeldan utleggast allegorisk. Det er altså ikkje slik at alle detaljar i likninga har ei djupare

mening. Først og fremst treng vi å nå fram til hovudsaka som kvardagsfortellinga vil illustrere for oss.

Dei ti brudejentene, eller «jomfruene» som gresken seier, er truleg ugifte venner av bruda. Dei skal naturlegvis vere med i bryllaupet, men dei skal også vere med i opptoget til bryllaupsfesten. Det mest vanlege var truleg at dei gjekk til bruda sitt hus og venta der til brudgommen kom og henta henne i eit opptog til sin familie og sitt hus. I denne teksta kan vi lure på om brudejentene eigentleg gjekk rett til brudgommens hus for å ta imot han og bruda der, men det kan vi ikkje seie sikkert.

I det heile tatt er bruda fråverande i denne bryllaupsfortellinga. Tanken om sameininga av brud og brudgom slik forholdet mellom Gud og det utvalde folket blir framstilt i GT og forholdet mellom Jesus og kyrkja i NT, er altså ikkje sentralt her. Om personelementa skal tolkast symbolsk, er det snarare brudejentene som i denne fortellinga representerer kyrkja som ventar på Kristus.

Lampene og oljen går igjen i heile likninga. Det har vore spekulert mykje i kva dette skulle illustrere. Trua og Anden er flittig nemnt, eller trekk knytt til den truande si haldning, slik som å vere uthaldande og klar.

Situasjonen her er at det kunne dryge i dei mørke timane med brudgommens komme. Alle hadde lampar med olje, alle sovna, som naturleg kunne vere når natta seig på. Men berre halvparten hadde tatt høgde for at brudgommen kunne dryge. Den andre halvparten var rett og slett ikkje klar for ein slik situasjon. Sånn sett peikar bildet i retning av speidarhelsinga «Vær beredt!» Ordet som Jesu avsluttar med, «Vak då!», handlar ikkje berre om å vere vaken og ikkje sove. Det var jo ikkje den naturlege søvnen som var problemet for dei fem. Dei var rett og slett ikkje budd for å vente.

Det er det same vi ser i fleire av dei andre likningane frå Matt 24 og 25. Kjærleiken skal kolne, men dei som held ut, skal blir frelst (24,12f). Dagen og timen er ukjent for alle utanom Gud (24,36). Vi veit ikkje kva tid Herren vår kjem, ja, han kjem då vi ikkje ventar det (24,42-44). Derfor må vi arbeide og forvalte det han har gitt oss heilt til han kjem (25,18.26).

Avslutninga av likninga drar oss ut av det ordinære i ei jødisk bryllaupsfeiring og slik sett inn i Jesu hovudpoeng. Brudejentene som ikkje slepper inn og brudgommen som erklærer at han ikkje kjenner dei, peikar til dømes tilbake til avslutninga av Bergpreika der Jesus sjølv går inn i rolla som den som sender bort frå gudsrikets port (Matt 7,21-23). Også der møter vi ein klok og ein uforstandig. Den uforstandige hørde Jesu ord men let dei ikkje forvandle livet så han følgde dei (Matt 7,24-27).

I det ligg det djupe alvoret også i dagens tekst. Der er eit evig innanfor eller utanfor. Det går an å rekne seg som innanfor, men likevel vere utanfor, fordi vi ikkje er åndeleg vakne og held ut i tru, håp og kjærleik til Jesus Kristus.

## **Til prekenen**

Eg trur det er viktig at forkynninga opnar opp teksta for forsamlinga, lærer dei å lese og vandre i Guds ord så dei kan forstå det og gjere det til sitt. La derfor forkynninga innehalde ei utlegging av teksta på ein slik måte at folket blir klokare. Dei fem med olje får ros fordi dei var kloke. Klokare handlar då ikkje berre om å lære kunnskap, sjølv om det også er med og opnar Bibelen

for oss, men å lære å leve. Her gjeld det å leve i forventning til det vi ennå ikkje ser og vere uthaldande i tru og etterfølging.

Hovudsaka er naturlegvis å hjelpe dei som høyrer på deg, til å vere klare når Jesus kjem og bli ståande i dommen. Då må også evangeliet haldast fram, at der går eit følgje på veg mot den evige bryllaupsfesten, den som Himmelen har gjort klar for oss ved Jesu frelse. Slik brudgommen fører brudfølget inn til festen, vil Jesus sjølv trufast føre oss til sitt evige rike, om så gjennom våre nattemørke. Den rettfærdige dommaren er også den nådige frelsaren.

**Rolf Kjode**

førstelektor, NLAHøgskolen

[rolf.kjode@nla.no](mailto:rolf.kjode@nla.no)